


Utviklingsplan 2024-2025

Hognestad skule





Innhald

Innleiing.....	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa	3
Overordna del av læreplanen.....	4
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2024-2025	6
Vurdering av utviklingsområda inneverande år.....	6
Samla grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 2024-2025	6
Utviklingsområde 2024-2025	7
Utviklingsmål og tiltak 2024-2025.....	8

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må arbeida med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil arbeida mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal arbeida for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «[Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#)» er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebyggjing og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2024](#) er det sett følgjande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal arbeida mot:

Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebyggjing og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i arbeid etter 10-årig grunnskule.

- Vidareutvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultatene i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig vert fleire individuelle vedtak.

«Laget rundt læraren og eleven» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kopla til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

Utviklingsområde 2024-2025

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2023-2024

Læringsmiljø: Motivasjon – Dei tilsette arbeidar med dialogisk praksis og sosial læring i klasseromma (klasselesekurs, elevmedverknad, opne spørsmål, oppsummeringar og variert undervisning)

Læringsresultat: Engelsk – Me treng å arbeida mot stabilt gode resultat i engelsk. Elevane skal merka satsingsområda våre i engelsk. Metodikk i faget er kopla opp mot LK 20.

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal arbeida vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

Vurdering av utviklingsområda inneverande år

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er på veg når det gjeld systematikk i engelskopplæringa og elevmedverknad, men at me treng å utvikla oss meir rundt læreplanforståing og elevmedverknad. Over tid ser me at me er gode på lesing og rekning, men at me treng meir fokus på elevmedverknad og læreplanforståing for å få meir stabile resultat i engelsk og høgare motivasjon blant elevane.

Samla grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 2024-2025

Læringsmiljø

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag har me behov for å fortsetja måla om elevmedverknad og motivasjon. Me kjem og til å arbeida med den nye overgangsplanen og implementera denne.

Læringsresultat

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag har me behov for å fortsetja arbeidet mot stabile og gode resultat i engelsk og ein betre læreplanforståing der metodikk i faga er kopla opp mot LK 20. Me vil vera merksame på kjønnsforskjeller i forhold til satsingsområde 2.

På grunnlag av dette har skulen valt følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø:



Utviklingsområde 2024-2025

Læringsmiljø:

Motivasjon: Auka delmål med 0,2 for Er du interessert i å læra på skulen (3,5 - 2023) og Elevmedverknad (3,4 - 2023) på elevundersøkjinga.

Læringsresultat:

Resultata på Nasjonale prøvar i engelsk er meir stabile og ligg rundt 50 både på 5.trinn og, for elevane frå Hognestad, på 8.trinn

Metodikk i faga er kopla opp mot LK 20. (Læreplanforståing, klasselesekurs, elevmedverknad og PRUV)



Utviklingsmål og tiltak 2024-2025

Grøne kolonner: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonner: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsavgrensa

Utviklingsområde

Læringsmiljø:

Motivasjon: Auka delmål med 0,2 for Er du interessert i å læra på skulen (3,5 - 2023) og Elevmedverknad (3,4 - 2023) på elevundersøkinga.

Læringsresultat:

Resultata på Nasjonale prøvar i engelsk er meir stabile og ligg rundt 50 både på 5.trinn og, for elevane frå Hognestad, på 8.trinn

Metodikk i faga er kopla opp mot LK 20. (Læreplanforståing, klasseleskurs, elevmedverknad og PRUV)

Effektmål (gevinst)	Resultatmål 2026	Delmål 2025	Tiltak 2024 - 2025	Evaluering/stopp punkt
Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Kva skal lærarane og/eller LLE setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Kva tid og korleis?
Læringsresultat <i>Elevane kan bruka engelsk til å læra, tenkje kritisk, kommunisere og knyta band til andre</i>	Elevar frå Hognestad skule har aldersadekvat framgang frå NP på 5.trinn til NP på 8.trinn engelsk. Det vil seia at resultata på NP i engelsk er stabile og elevar på nivå 3 på 5.trinn aukar til nivå 4 og	Resultata på Nasjonale prøvar i engelsk ligg rundt 50 både på 5.trinn og for elevane frå Hognestad på 8.trinn.	Dela tips og idear til undervisning i lesing, skriving, munnleg kommunikasjon i forhold til kompetansemål i engelsk og bruka til dømes GNIST-boka for å få idear. (30 min på tysdagar) Fleire engelske småbøker i klasserommet, låna frå Time bibliotek. F.eks graphic novels. Lærarane legg til rette for at elevane les i engelsktimane.	Spørsmål i trinnsamtalane og medarbeidarsamtale våren 2025 Evaluering i PUG og LLE etter v. 50, 15 og 23 Utsjekk: Lærarane synest det me gjer i PU-tid og 30min deling er nyttig. Undervegsvurdering

	<p>5 på 8.trinn, nivå 2 på 5.trinn aukar til nivå 3 på 8.trinn og nivå 1 på 5.trinn aukar til nivå 2 på 8.trinn</p>		<p>Synga og snakka meir engelsk i timane.</p> <p>Bruka til dømes: Alias, Quickdraw, biletlotto og Guess who i timane.</p> <p>Verktøy me skal nytta: Aski Raski, Explore smartøving, Lingdys og Skolestudio.</p> <p>Analysera resultat frå NP og kartleggingsprøver i LLE og følgja dette opp.</p>	<p>og justering i v.50, v.15 og v. 23</p> <p>Desember 2024: Bruka same Forms ut mot elevane som i mai 2024 for å sjekka kva elevane meiner.</p> <p>Gjennomføra ein pedagogisk analyse ved behov for å finna ut kva me kan gjera annleis i veke 15.</p> <p>Mai 2025: Ny Forms ut mot elevane for å sjekka om me har nådd måla våre.</p>
		<p>Læreplanforståing – metodikk i faget er kopla opp mot LK20</p>	<p>Arbeida med Udir sine kompetansepakkar om læreplanforståing i PU-tid.</p> <p>Arbeida med boka «God undervisningsplanlegging» av Toril Frafjord Hoem (red) i PU-tid for å sikra felles forståing og innsikt.</p>	<p>Spørsmål i trinnsamtalane og medarbeidersamtale våren 2025</p> <p>Evaluering i PUG og LLE etter v. 50, 15 og 23</p> <p>Lærarane synest det me gjer i PU-tid og 30min deling er</p>



			<p>Aktivt nytta Skolestudio som verktøy for å undervisa i engelsk i tråd med LK20. Bruka tid på moglegheitene i Skolestudio i PU-tid.</p> <p>Auka fokus på basiskunnskap og kritisk tenking i faget. Skilja mellom å undervisa i basiskunnskap og oppnå ferdigheiter.</p>	<p>nyttig. Undervegsvurdering og justering i v.50, v.15 og v. 23</p> <p>Desember 2024: Bruka same Forms ut mot elevane som i mai 2024 for å sjekka kva elevane meiner.</p> <p>Gjennomføra ein pedagogisk analyse, ved behov, for å finna ut kva me kan gjer annleis i veke 15.</p> <p>Mai 2025: Ny Forms ut mot elevane for å sjekka om me har nådd måla våre.</p>
--	--	--	---	--

<p>Læringsmiljø</p> <p><i>Elevane er motiverte og kjenner meistring for å gå på skulen og få ei utdanning.</i></p>	<p>Auka motivasjon opp til 4 på elevundersøkjinga.</p>	<p>Auka delmåla med 0,2 for ...</p> <p>er du interessert i å læra på skulen (3,5 2023) og</p> <p>elevmedverknad (3,4 – 2023)</p>	<p>Alle lærarane arbeidar mot at elevane skal, til tider, få val i forhold til oppgåver, rekkefølge, korleis arbeida med eit tema og kva produkt som tema skal enda i. (Innspel frå BUK 2024)</p> <p>Alle lærarane arbeidar for trygt klasse miljø, varierte læringsaktivitetar og legg opp til samarbeid. (Innspel etter evaluering av utviklingsplan i elevrådet våren 2024)</p> <p>Sosiogram ein gong i halvåret. (Gjennomgang i LLE) + spørsmål kvar veke på vekeplan eller i LM-timane.</p> <p>Klassetrivsel blir brukt for å følgja opp klassar og situasjonar der det blir avdekka at det ikkje er trygt.</p> <p>Bruka PU-øktar i løpet av året til å få meir kunnskap om språkvanskar (LLE har ansvar for dette)</p> <p>Arbeida vidare med boka «Fra Uro til ro» av Kaja Næss Johannessen og Ann-Karin Bakken</p>	<p>Spørsmål i trinnsamtalane og medarbeidarsamtale våren 2025</p> <p>Evaluering i PUG og LLE etter v. 50, 15 og 23</p> <p>Lærarane synest det me gjer i PU-tid og 30min deling er nyttig. Undervegs vurdering og justering i v.50, v.15 og v. 23</p> <p>Desember 2024: Bruka same Forms ut mot elevane som i mai 2024 for å sjekka kva elevane meiner.</p> <p>Gjennomføra ein pedagogisk analyse, ved behov, for å finna ut kva me kan gjera vidare (v.15).</p>
---	--	--	---	---



			<p>i LLE gruppa (Lag 1). Ta dette med etter kvart inn til lærarane i PU-tid.</p> <p>Analysera resultat frå klassetrivsel, elevundersøkjinga og Olweus i LLE</p>	<p>Mai 2025: Ny Forms ut mot elevane for å sjekka om me har nådd måla våre.</p>
--	--	--	---	---

